



## Lokal forskrift 1.august 2024 nr 4 om hovudmål ved grunnskulane i Ulvik herad

*Heimel: Forskrift om hovudmål på Brakanes skule i Ulvik herad vert fastsett av Ulvik heradsstyre 19. Juni, 2024 med heimel i lov 9.juni 2023 nr 30 om grunnskuleopplæringa og den vidaregåande opplæringa, §15-2 første ledd.*

### **§1 Føremål og verkeområde**

Forskrifta gjeld for alle elevar og tilsette ved Brakanes skule i Ulvik herad, Vestland.

### **§2 Hovudmål**

Nynorsk er hovudmålet ved grunnskulen i Ulvik herad, Vestland. Skulen skal bruka nynorsk i den skriftlege opplæringa og i den skriftlege kommunikasjonen med elevar og foreldre og andre.

### **§3 Målbruksplan for Ulvik herad**

Ulvik herad har eigen målbruksplan som gjeld for perioden 2022-2032. Grunnskulen i Ulvik herad skal fylgja denne.

### **§ 4 Iverksetting**

Forskrifta trer i kraft 1. august 2024.